

Bø mållag

Årsmelding 2011

Årsmøtet for 2010 blei halde 15. februar 2011 på Bø prestegard. Det var 14 medlemmer med røysterett til stades. Jens Kihl frå Noregs Mållag innleidde om skulemål, og rektorane ved grunnskulane stilte til samtale. Det blei store mediaoppslag.

Styret har vore samansett slik:

Leiar/kasserar: Dag Hallvard Østtveit 2011

Skrivar: Marit Lindvik Tveit 2011 og 2012
(permisjon frå april)

Medieansvarleg: Margit Ims 2010 og 2011

Styremedlem: Aase Marie Ulberg 2010 og 2011
(skrivar frå april)

Styremedlem: Eiliv Astad 2011 og 2012

Vara: Asgeir Sele 2011
(fast frå april)

Vara: Olav Rovde 2011

Styret har hatt 8 møte i arbeidsåret, og har handsama 62 saker. Laget hadde 60 medlemmer ved årsskiftet, ein auke på 1.

Sigbjørn Hjelmbrække møtte som utsending på Telemark Mållag sitt årsmøte 12. mars. Margit Ims møtte som utsending på landsmøtet i Noregs Mållag 8.-10. april.

- **Norsk Barneblad til barneskulane.** Mållaget held fram med å gje årsabonnement til alle 5.-klassingar i Bø. Ordninga er delvis finansiert gjennom ein samarbeidsavtale med Bø Sparebank.
- **Møte med kommunen og høgskulen.** Mållaget har gjennom året hatt fleire møte med kommunen og høgskulen, og på den måten sett viktige fokus, og danna grunnlag for vidare samarbeid.



- **Nynorsk oppvekst**
Vi var i møte med skulestyrarar og barnehagestyrarar, og laga informasjonsskriv om språkval som barneskulane delte ut ved skulestart.
- **17. mai.** Mållaget hadde i år leiarvervet i 17.-maikomiteen i Bø, og sørge for å dra i hamn eit vellukka arrangement.
- **Dugnad på landskappleiken**
Mållaget stilte med to frivillige på landskappleiken i Seljord. Dette blei gjort som ei venneteneste.
- **Opning av Bø torg.** Mållaget var tilstades under opninga av Bø torg den 29. oktober. Vi spanderte ein av benkane der, og har fått messingplate med "BØ MÅLLAG" på. Vi fekk dessutan høve til å overrekke Bøgradestokken til ordføraren.
- **Vinmonopolet.** Bø mållag stilte til intervju og fekk positiv merksemd i Bø blad i samband med at vinmonopolet i Bø no går over til nynorsk skilting i lokala sine.
- **Teaterbesøk og verving.** Mållaget inviterte til teaterframsyning av Sonen med Jon Fosse i september, og verva med det to nye medlemmer.
- **Målblomen til Bø ungdomsskule.** Ungdomsskulen har tatt tak i utfordringane nynorsken har ved skulen. Dei er midt i eit 3-årig prosjekt som set fokus på dette. I november fekk skulens representantar – og alle 9. klassingane – blomar etter å ha framført ein flott musikal.
- **Salsverksemd.** Bøgradestokken frå 2007 er framleis ei god inntektskjelde for mållaget. Gygrestolen, eventyrboka frå 2010 selde også noko på andre året. Mållaget stilte på Akademika under nattope i desember. Julehefte har blitt selt på julemessa på Bø museum, på opninga av Bø torg og av tre barn.
- **Møte med Nynodata**
Mållaget har hatt møte med Nynodata, ein viktig aktør for å fremje nynorsk i offentleg teneste. Firmaet har spennande utfordringar fram mot den nye rettskrivinga som skal gjelde frå 1. august.

Styret for Bø mållag, januar 2012

Årsmøtesaker:

1. Opning av årsmøtet
2. Godkjenning av sakliste og innkalling
3. Val av ordstyrar og skrivar
4. Godkjenning av årsmelding for 2011
5. Lokallagskontingent for 2013
6. Godkjenning av rekneskap for 2011 og budsjett for 2012
7. Val etter vedtektene ved valnemnda
8. Val av utsendingar til årsmøtet i Telemark Mållag 4.3.12 og landsmøtet i Noregs Mållag 27.-29.4.12
9. Vedtektsendring
Sjå framlegg til vedtektsendring på <http://bo.nynorsk.no/>
10. Fråsegner

20:00 Servering

20.30 Drøfting av lagsarbeidet

Velkomne!



Bø mållag

Innkalling til årsmøte

Torsdag 9. februar 2012
kl. 19.00 på Meierismuget kafé

Bø torg
29.10.2011

